

Bygging i raud og gul støysone

Tore Syvert Haga, Alna SV

Støy er eit stort problem i Oslo

- ◆ 26 % rapporterer at dei er plaga av støy, jamfør Innbyggerundersøkelsen.
- ◆ Veldig mange bur nær vegar eller andre støykjelder
- ◆ Kommuneplanen viser kor vanskeleg dette er – konsekvensen av å fylja opp T-1442 kan verka som å stoppa nybygging i mange av dei områda kor det trengst mest.

Kor sikre kan me vera på at minstekrava blir innfridd?

- ◆ Lang veg frå kommuneplanen til gjennomføring
 - ◆ (Områdereguleringsplan)
 - ◆ Detaljreguleringsplan
 - ◆ Byggesak
-
- ◆ For kvart trinn er det muleg å gje unnatak, for kvart nivå aukar fokuset på “produksjon”.
-
- ◆ På den eine sida: Unnataka I kommuneplanen viser at nye unnatak blir muleg.
 - ◆ På den andre sida: Unnataka I kommuneplanen kan fungera som eit minstegolv, lengre ned kan me ikkje gå.

Kommunen er ofte i skivsen

- ◆ Treng nybygging, serleg av bustadar.
- ◆ Ynskjer utbygging nær eksisterande infrastruktur, og i sentrum miljøomsyn og bykvalitet.
- ◆ Har gjort seg totalt avhengige av private utbyggjarar, viss ikkje dei vil bygga, blir det ingen nybygging.
- ◆ Dette kan i mange tilfelle føra til svekka krav til kvalitet og miljø.

Kva må gjerast?

- ◆ Strategi 1: Lag mindre støysonar
 - ◆ Trafikkreduksjon, lokk, bilfrie gater, støysvake trikkar.
- ◆ Strategi 2: Bygg alternativt
 - ◆ Bygg kontorbygg i støysonen, som er eigna til å bygga om til bustadar seinare. Bygg næringsbygg som skjerm.
- ◆ Strategi 3: Streng og føreseieleleg dispensasjonspraksis
 - ◆ Terskelen for å dispensera frå krava i unntaktsområda bør vera veldig høg, plan må passa på byggesak og detaljplan.
- ◆ Strategi 4: Reduser utbyggarmakta i byutviklinga
 - ◆ Viss fellesskapet blir mindre avhengige av kommersielle utbyggjarar for å få nok nybygging, blir det lettare å stilla krav i forhandlingane / planprosessen. Kommunalt tomte- og utbyggingssselskap.

Kva med unnataka I kommuneplanen?

- ◆ Det blir feil å ikkje opna for nokon unnatak I det heile teke – det gjev eit biltrafikkgenererande utbyggingsmønster – som igjen gjev meir støy og ureining.
- ◆ Dei føreslåtte unntaksområda er for store. Dekker “byutviklingsområde”, langs vegar, ikkje berre kollektivknytepunkt.
- ◆ Kvalitetskrava sikrar eit minstemål, men gjev ikkje like god bukvalitet som T-1442.